

**Sakshandsamar:**Liv Horvei  
E-post: Liv.Horvei@sfj.no  
Tlf.: 57637301**Vår ref.**Sak nr.: 19/125-1  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

1077/19

**Dykkar ref.****Dato**

FØRDE, 08.01.2019

Roger Kløvtveit, OA

## Søknad om midlar til å gjenopprette samarbeid med Ntchisi Secondary School i Malawi

### Bakgrunn

Mo og Øyrane vgs. (då Øyrane vgs) starta i 2003 eit solidaritetsprosjekt med Ntchisi Secondary School i Malawi. Venskapsavtalen mellom skulane hadde fokus på kulturutveksling, demokrati og entreprenørskap. Skulen finansierte prosjektet gjennom ei ungdomsbedrift. Alle elevane ved skulen bidrog gjennom innsamling av midlar knytt til elevane sin aksjonsdag. På aksjonsdagen hadde skulen ulike aktivitetar som loddsal, sal av ulike produkt og arbeid i ulike bedrifter der lønna gjekk til samarbeidet med Ntchisi. Nokre elevar og lærarar vitja også skulen i Malawi, og Mo og Øyrane vgs. fekk gjenbesøk frå elevar og rektor frå Ntchisi secondary school. Gjennom innsamla midlar fekk skulen også hjelp til å bygge to vanntankar, forbetre sanitærforholda ved skulen og tilgang til internett.

I starten samarbeidde Mo og Øyrane vgs. også med Førde kommune. Årsaken til dette var at Førde kommune er vennsapsby med Ntchisi og var bidragsytar til demokratiske prosessar og til fullføring/bygging av eit samlingshus/«Førdehus» i Ntchisi.

Av ulike årsakar har samarbeidet mellom Mo og Øyrane vgs. og Ntchisi Secondary School avtatt dei siste åra. Det har mellom anna vore utskifting av rektor og ass. rektor opp til fleire gonger ved skulen i Malawi. I kommuneadministrasjonen har det også vore utskiftingar. Det har difor vore vanskeleg å halde kontinuitet. Også Førde kommune har hatt lite kontakt med Ntchisi sidan slutten av 2000 talet.

### Gjenopptaking av samarbeidet

Førde kommune tok seint i haust kontakt med Mo og Øyrane vgs. med ynskje om at me i samarbeid med Norec kan gjenoppta kontakten med venskapsbyen Ntchisi. Me har allereie hatt eit oppstartsmøte. Me tenkjer oss å vitje administrasjonen ved Ntchisi kommune og Ntchisi Secondary school med mål å gjenoppta og utvikle eit tettare samarbeid.

Mo og Øyrane vgs. søker med dette om kr. 50 000,- til reiseutgifter i samband med reise til Malawi for å etablere eit vidare samarbeid i lag med Førde kommune og Norec.

Med helsing

Liv Horvei  
rektor*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar  
Roger Kløvtveit, OA

Kopi til:  
Bekka Skaasheim, OA